



BACHELOROPPGÅVE

Faktorar for sjølvbestemming

For menneske generelt og menneske med psykisk
utviklingshemming spesielt

Bente Marie Vikdal Flisram

Vernepleie
Emnekode: 101
Mars 2008

”Alle mennesker er historier.
Alle historier må ha et publikum.
Ved å skape arenaer der vi møtes,
blir vi synlige for hverandre.”

Gunnhild Hagestad

Innhold:

1.0	Innleiing	3
1.1	Presentasjon og avgrensing av problemstilling.....	3
2.0	Metode.....	4
2.1	Reliabilitet og validitet	4
3.0	Sjølvbestemming	5
3.1	Kva er sjølvbestemming.....	5
3.2	Sosiale strukturar set rammevilkår for å kunna bestemma sjølv.....	7
3.3	Kva avgrensar fridomen til menneska.....	8
3.4	Personlege eigenskapar for å kunna bestemma sjølv	9
4.0	Sjølvbestemming og menneske med psykisk utviklingshemming.....	10
4.1	Kva seier lovverket om retten til å bestemma sjølv	13
5.0	Konsekvensar og dilemma for praksis	15
5.1	Idear, haldningar og verdisyn.....	15
5.2	Idealtypiske kulturar for tenesteyting.....	17
5.3	Omsorgsmetodikkar frå perspektivet til tenesteytarane	19
6.0	Å yta tenester til menneske med psykisk utviklingshemming	21
6.1	Menneske med psykisk utviklingshemming og signifikante andre	21
6.2	Menneske med psykisk utviklingshemming og strukturelle føringar	22
6.3	Menneske med psykisk utviklingshemming og kommunikasjon	22
6.4	Menneske med psykisk utviklingshemming og omsorgskulturar	24
6.5	Menneske med psykisk utviklingshemming og rettstryggleik.....	24
6.6	Verdiar og maktrelasjonar i tenesteytinga.....	25
7.0	Avslutning	27
	Litteraturliste:	28

1.0 Innleiing

Denne oppgåva tek utgangspunkt i omgrepet sjølvbestemming. Det å kunne bestemma over seg sjølv er for dei fleste både sjølvsagt og naturleg. Sjølvbestemming er eit mål og eit satsingsområde for menneske med nedsett kognitiv funksjonsevne, og kan vera vanskeleg å realisera. I denne oppgåva vil eg retta fokus mot i kva grad menneske med psykisk utviklingshemming opplever dette i kvardagen sin. Eg vil retta merksemrd mot kva faktorar som er med på å fremja eller motarbeida sjølvbestemming.

Ut frå eit genuint ynskje om at alle menneske må få høve til å vera deltakar i eige liv, vil eg i denne oppgåva drøfta korleis tenestetilbodet til menneske med psykisk utviklingshemming bør utformast for å skapa gode høve for at dei skal kunna bestemma over seg sjølv.

1.1 Presentasjon og avgrensing av problemstilling

I denne oppgåva vil eg finna ut korleis sjølvbestemming kan lærast, utviklast og praktiserast, og har valt følgjande problemstilling:

Kva faktorar gjer at menneske med psykisk utviklingshemming opplever sjølvbestemming i kvardagen?

Ein finn menneske med psykisk utviklingshemming i alle aldersgrupper i samfunnet. Eg har valt å setje fokus på vaksne utviklingshemma som mottek hjelp frå det offentlege hjelpeapparatet, før eventuell alderdomsproblematikk set inn.

Eg greier ut om omgrepet sjølvbestemming og forklarar kvifor dette er viktig for det autonome individet. I samfunnet er det ulike strukturar som legg føringar for åferda til menneske, og eg vil forklara korleis desse fungerar. Menneske med psykisk utviklingshemming har tradisjonelt sett hatt reduserte høve til å bestemma over seg sjølv. I samband med dette vil eg komma inn på evne til kommunikasjon, relasjon til tenesteytarar, omsorgskulturar og høve til å læra og praktisera sjølvbestemming. Dei fleste menneske med psykisk utviklingshemming har enkeltvedtak heimla i Sosialtenestelova. Eg vil komma inn på tvangsbuk retta mot menneske med psykisk utviklingshemming og den lovfesta retten til individuell plan. Eg greier ut om kva konsekvensar og dilemma prinsippet om sjølvbestemming kan få for profesjonsrolla. I bustadane til menneske med psykisk utviklingshemming er det ulike omsorgskulturar. Eg vil skildra korleis dei ulike kulturane legg føringar for høve til tenestemottakarane for å utøva sjølvbestemming. Til slutt vil eg sjå på kva faktorar som må prioriterast for å skapa ein kultur som fremjar den universelle retten menneske har til å bestemma over seg sjølv

2.0 Metode

Metode er ein framgangsmåte for å bringa fram kunnskap eller etterprøva påstandar som vert sett fram med krav om å vera sanne, gyldige eller haldbare (Dalland, 2004).

Denne oppgåva er ein litteraturstudie. Gjennom litteraturstudie nyttar eg skrivne teoriar, påstandar og kommentarar eg, som forfattar, meiner er relevante for oppgåva. Litteraturen vert nytta til å underbyggje, drøfta eller kommentera eventuelle funn, eigne tankar og forståing av problemstillinga i oppgåva. Litteraturen er verktøyet eg nyttar for å drøfta spørsmålet i problemstillinga (Dalland, 2000). Eg finn og nyttar litteratur frå lærebøker, offentlege publikasjonar, som til dømes stortingsmeldingar, rapportar frå Noregs offentlege utredningar (NOU) og internetsider. Oppgåveteksten og relevansen i teorien er eit resultat av mitt eige personlege litteraturval.

I arbeidet med oppgåva har eg nytta sekundære kjelder. Det vil seia at data er samla inn av andre forfattarar. Difor kan data vera samla inn med eit anna føremål enn det eg har nytta det til (Dalland, 2004). Det er viktig å vera medviten på utvalet ein har av kjelder. Ein må stille seg spørsmål, som til dømes: kven har samla inn data, kor truverdige er kjeldene og kvar kjem dei i frå, og kva alder har data/kjeldene, med meir. Forsking er stadig i utvikling, og det kjem stadig nye kjelder. Det er difor naudsynt å vurdera truverdet i kjeldene i forhold til kor gamle dei er.

2.1 Reliabilitet og validitet

Eit grunnleggjande krav til data er at dei må vera gyldige. Med dette meiner ein om data er relevant for problemstillinga. Eg har nytta tre hovudbøker i oppgåva mi. Den første boka er ”*Selvbestemmelse, Egne og andres valg og verdier*”, av Karl Elling Ellingsen.

Utgangspunktet er utviklingshemma sine eigne erfaringar og forteljingar. Den andre boka eg har nytta er ”*Selvbestemmelse for tenestenytere*”, av Aud Selboe, Leif Bollingmo og Karl Elling Ellingsen. Boka tek opp spørsmål knytt til sjølvbestemming, brukarmedverknad og empowermenttenking i samhandling med menneske med psykisk utviklingshemming og demente. Den siste hovudboka er ”*Omsorg for de annerledes svake*” av Karen Christensen og Even Nilssen. Boka handlar om den offentlege tenesteytinga slik den kjem til uttrykk i ei rekke kommunale bufellesskap for menneske med psykisk utviklingshemming.

Hovudproblematikken i boka er forholdet mellom tenesteytarane si makt og tenestemottakarane sin rett til sjølvbestemming.

Forfattarane av bøkene eg har nytta, har i stor grad fokus på same målgruppe som eg har fokusert på i oppgåva mi. Med tanke på at desse bøkene er sekundær litteratur, er eg klar over at det

forfattarane seier, kan vera feil, at dei har tolka primærlitteraturen sjølv, og at forfattaren sine tolkingar legg grunnlaget for bøkene. Eg vel å lita på litteraturen, då den er skriven av fagfolk og utgjeve av pålitelige og godkjende forlag; Gyldendal akademiske forlag og Universitetsforlaget. I høve validitet har eg hatt problemstillinga i fokus under litteraturstudiet, og vurderar litteraturen som relevant. Litteratur som ikkje har vore aktuell og relevant, har eg luka ut.

3.0 Sjølvbestemming

Sjølvbestemming – å bestemma sjølv – dreiar seg om grunnleggjande menneskerettar, og er eit viktig grunnlag for personleg utvikling og ein føresetnad for å etablere eigen identitet. Omgrepet sjølvbestemming er vanskeleg å definera. Det er komplekst, kontekstavhengig og kan vera vanskeleg å konkretisera (Selboe, 2005).

Å bestemma sjølv refererer til haldningar og eigenskapar som skal til for å handle som den primære aktør i eige liv, og til å treffa val med omsyn til eigen livskvalitet utan uønska ekstern innblanding (Wehmeyer og Metzler, 1995 i Selboe, 2005).

Retten til å bestemma over seg sjølv er fundamental i den vestlege kulturen. Føresetnadene er då at vedkommande er medviten om han har alternativ, og at ein ikkje skadar andre (Aadland, 2001). I det vestlege kulturmönsteret vil det moderne individet uttrykkja sjølvstende og fridom overfor andre. Me er fri når me kjenner at handlingane våre på ein eller anna måte er valt av oss sjølve. Det moderne individet er fritt, vil vera fritt og finn seg ikkje i unødig tvang og ufridom. Den moderne individualiteten og kulturen knyter seg difor til frigjering (Østerberg, 1999). Oppfatninga i dag byggjer på sjølvstendige og likeverdige individ, og med eit inkluderande og omfattande vern av rettar. Eit fritt samfunn skal sikra handlingsrommet til det autonome individet mot unødige avgrensingar. Dei avgrensingane som vert gjort, må vera like for alle. I det moderne samfunnet vert fridomen, og slik retten til sjølvbestemming, nesten teke for gitt. Handlingsromma og høve til val er til stades.

3.1 Kva er sjølvbestemming

Den vanlege oppfatninga av omgrepet sjølvbestemming er, at dersom ein har det, så bestemmer ein sjølv. Sjølvbestemming er ein universell og sentral menneskerett, og eit viktig grunnlag for personleg utvikling, og ein føresetnad for å etablera eigen identitet. Sjølvbestemming er ein eigenskap som kan, og må, lærast gjennom å praktisera sjølvbestemming (Selboe, 2005). Personlegdomen vår vert utvikla ved at me blir sosialisert i

samspel med andre menneske. Gjennom læring som eit produkt av samspelet mellom primærsosialisering og sosiale erfaringar, utviklar me vår eigen personlegdom. Filosofen og sosiologen George Herbert Mead (1863 - 1931) nyttar nemninga *signifikante andre* om personar som er særstakt viktige for utviklinga av sjølvbilde. Det er gjennom oppfatninga til dei signifikante andre, at me speglar oss sjølve. For små born vil foreldra vera dei viktigaste signifikante andre. Seinare i livet kan dette vera venner, lærarar, kollegaer eller andre (Shiefloe, 2003). Ved å observera korleis våre signifikante andre praktiserar retten sin til å bestemma over seg sjølv, lærer me oss sjølvbestemming. Med åra, og med at me modnast, blir me i stand til å ta avgjerslene våre på meir generelle vurderingar. Dette kallar Mead *den generaliserte andre*. Evna vår til å vurdera, er i sterk grad avhengig av om me er i stand til å gjera vurderingar på grunnlag av *den generaliserte andre*. Alternativt eller parallelt byggjer me vurderingane våre på støtte og vurderingar frå signifikante andre. I følgje Mead er sjølvbiletet og identiteten vår sosialt skapt i ein kulturell kontekst og i samhandling med andre (Skau, 2005). Me utviklar slike eigenskapar som gjer at det å bestemma sjølv, er noko som vert lært og utvikla i ein prosess. Ein vurderar konsekvensane av dei vala ein tek, og dette vert rekna som ein føresetnad for å klara å bestemma sjølv på ein forsvarleg og målretta måte. Ut frå erfaringar får individet eit utgangspunkt for å finna ut kva tidlegare val har ført til. Likeeins kva faktorar som har vore styrande for dei tidlegare vala våre (Ellingsen, 2007). Livet vårt inneholder store val som kjøp av bustad, val av utdanning og arbeidsplass. Men livet vårt inneholder òg mange små val som er avgjerande for korleis vi oppfattar kvardagen vår. Vil eg eta frukost i dag, og kva skal eg ha på brødskiva? Dette er situasjonar som dei fleste tek for gjevne, og ein prisar ikkje retten til å bestemma sjølv fordi ein hoppar over frukosten ein morgon. Dersom ein har høve til å utvikla retten til sjølvbestemming gradvis frå barndomen av, blir dette ein naturleg og internalisert del av oss (Ellingsen, 2007) For menneske som er avhengig av hjelp og tilrettelegging i kvardagen sin, er det truleg desse små vala som er avgjerande for opplevinga av autonomi. Ein kan oppleva at sin eigen vilje er viktig, og vert teken på alvor.

Likevel er det slik at i eit samfunn kan ein ikkje alltid gje slike ønskjer. Det er visse normer og reglar som lyt fylgjast for at kvardagen skal fungera. Me tilpassar oss andre, tek omsyn, og i tillegg er samfunnet regulert av lover og allmenne plikter. Neste avsnitt handlar om korleis dei sosiale strukturane set rammer for mennesket sine høver til sjølvbestemming.

3.2 Sosiale strukturar set rammevilkår for å kunna bestemma sjølv

Sosial struktur er eit ordna mønster av sosiale element som på ulike måtar set menneske i forhold til kvarandre. Dei sosiale strukturane gjev føringar, høver og avgrensingar for åferd og tilpassing. Det er to sentrale mekanismar som regulerar dei sosiale strukturane. Den eine er arbeids- og ansvarsfordeling, som regulerar kva posisjonar eit individ har gjennom forventningar, pliktar og rettar. Den andre er ordninga for fordeling av makt, prestisje og materielle gode. Sosiale strukturar utgjer ein viktig del av rammene for aktiviteten til menneska og kva tilhøve menneska har til kvarandre (Shiefloe, 2003). Det er etablert faste køreregler i samfunnet i form av lover og reglar som regulerar åferda til medlemmane, og slik set strukturane i samfunnet grenser for sjølvbestemminga til individet. Samfunnet gir faste haldepunkt som skapar tryggleik for individua. Strukturane i samfunnet påverkar individua sine rettar og plikter. Dei er naudsynte for å oppretthalda tryggleik og fred i eit samfunn med fleire medlemmar.

Generelle trekk ved liva til samfunnsmedlemmane vil vera påverka av klasse og posisjon. Sosial klasse dreiar seg i stor grad om makt og påverknad. Ein kan til dømes gruppera menneske etter inntekt og utdanning. Ein sosial klasse vert dannar av menneske som har relativ lik posisjon i høve til økonomisk og kulturell kapital (Shieloe, 2003). Ulike klassar har ulik kulturell og økonomisk kapital, og klasseulikskapane i verdiar og orientering har vidtrekkande effektar på åferda. Menneske i overklasseposisjonar er meir autonome i synet på den sosiale røyndomen. Menneske i lågare klassepasjonar er meir konform, noko som betyr at dei ser og reagerar på alt avgjorde ulike røyndomar (Østerberg, 1990). Dette viser til eit forhold mellom dominante og dominerte klassar i samfunnet, og gjer at menneska i dei høgare klassane har større høve til å praktisera sjølvbestemming. Dette kan dei i kraft av kapitalen sin, enten dette er grunna økonomisk eller kulturell kapital (sosial eller kulturell kapital) (Bourdieu, 1984). Dette er allmenne trekk ved over og underordning, og har relevans til menneske sin autonomi i samfunnet. Dette er det viktig å vera merksam på. Eg går ikkje djupare inn i dette i forhold til menneske med psykisk utviklingshemming.

Status er avgjerande for kva sosial makt eit menneske har, og den sosiale makta er avgjerande for høvet til å ha styring over eige liv. Menneske med høg status og såleis stor makt, har gode høver til å bestemme over eigen tidsdisponering og livssituasjon. Derimot er menneske med litea makt i stor grad avhengig av disponeringane og avgjerslene til andre menneske (Shiefloe, 2003). Dess høgare status ein person har, dess større grad er høvet til å praktisera sjølvbestemming på fleire område i livet. På same måte set økonomiske rammer grenser for

kva eit individ kan tillata seg. Det kan sjå ut som at dei som er økonomisk velståande har større handlefridom enn fattige menneske.

Samfunnet vårt er ordna med strukturelle føringar for kva åtferd som vert godteke eller oppfatta som avvikande. Neste avsnitt handlar om kva metodar samfunnet nyttar for å regulera åtferda til enkeltindividet.

3.3 Kva avgrensar fridomen til menneska

Som samfunnsmedlemmar har vi ei lang rekke føringar for åtferda vår. Samfunnet er ordna i strukturelle føringar i form av hierarki, arbeidsdeling, posisjonar og fordeling av roller. I samfunnet er det allmenne verdiar som kjem til uttrykk gjennom formelle og uformelle føringar. Som individ i eit samfunn har me sosiale plikter og forventningar som vert retta mot oss (Schiefloe, 2003). Me har klare oppfatningars om kva me kan gje, og me veit kva åtferd som vert akseptert av samfunnet rundt. Ikkje all åtferd vert oppfatta som vanleg eller "normal". Ulike typar åtferd vert oppfatta som sosialt avvikande, og felles for slik åtferd er at ho går utover grensene for det som er sosialt akseptabelt.

Sosial kontroll er eit samleomgrep for dei metodane og mekanismane som samfunnet, grupper eller enkeltindivid har over menneska gjennom påverknad av ulike slag. Me skil mellom uformelle og formelle sanksjonar for å utøva sosial kontroll (Schiefloe, 2003). Uformelle sanksjonar er ein kvalitet ved nære relasjonar. Det er til dømes når mora hevar augebryna når barnet viser uønska åtferd, eller at ho jublar ved ønska åtferd. Uformelle sanksjonar er effektive, så lenge me er så nær kvarandre at me bryr oss om kva andre meiner om oss. Formelle sanksjonar vert forvalta av myndigheitspersonar eller autoritetspersonar på grunnlag av fastlagde lover eller regelverk (Schiefloe, 2003).

Eit avvik vil seie alvorlege brot på standarar eller reglar som gjeld i eit sosial system. Avvik syner til den åtferda eller dei tilstandane som, i positiv eller negativ retning, skil seg frå det gjennomsnittlege (Schiefloe, 2003). Det at noko vert stempla som avvik skuldast ikkje sjølve normbrotet, men at den aktuelle hendinga vert stempla som avvikande i det sosiale systemet ho oppstår i. Avvik er eit produkt av dei reglane og normene som er etablert i samfunnet. Det er ein måte for den dominerande kulturen å utøva makt og sosial kontroll.

Samfunnsmessige posisjonar kan tilskrivast eit individ. Dersom ein person vert tildelt ein posisjon på grunnlag av kven han er, vert det omtala som ein tilskrivne posisjon. Ein spesiell variant av ein tilskrivne posisjon er eit stigma. Eit stigma er ein eigenskap eller eit kjenneteikn som diskvalifiserar ein person frå å bli akseptert på lik linje med andre (Schiefloe, 2003).

Stigma vert nytta om sosialt belastande forhold som merkjer og avslører ein person i forhold til omgjevnadane rundt han. Grunnlag for stigmatisering kan vere kjønn, religion, hudfarge, sjukdom, seksuell legning eller psykisk utviklingshemming. Stigmatisering kan føra til at ulike arenaer i samfunnet vert stengde for personen, og set såleis grenser for sjølvbestemminga til individet.

Stereotypiar er å kategorisera menneske eller grupper av menneske som har visse fellestrekk. Når ei utsegn blir repetert lenge nok, får den ein viss grad av autoritet, sjølv om det ikkje er sant, eller berre inneheld ei viss grad av sanning (Dahl, 2001). Stereotypiar er førestillingar om ei sosial gruppe eller medlemmane i gruppa, og som ofte er tufta på fordommar. Ein blir vurdert opp mot gruppa, og ikkje som eit sjølvstendig individ. Dette kan til dømes vera menneske med psykisk utviklingshemming. Hanne Mathiassen er ei ung dame med Down syndrom. I boka til Ellingsen (2007) fortel ho om sårande opplevelingar ho har vore ute for, berre fordi andre menneske kategoriserar ho ut frå stereotypiane sine om menneske med Down syndrom. Hanne seier at alle menneske skal behandlast likt og respekterast som verdifulle.

For å kunna vera deltakar og hovudperson i eige liv, har me trond for visse eigenskapar. Dette er tema for neste avsnitt.

3.4 Personlege eigenskapar for å kunna bestemma sjølv

Personlege eigenskapar som er naudsynte for å kunna bestemma over seg sjølv er mellom anna intelligens, sjølvrespekt, motivasjonsfaktorar og kommunikasjonsferdigheitar.

For å avdekkja ulike aspekt eller sider ved ein situasjon, nyttar me dei kognitive evnene våre. Det vil seia: evna til abstrakt og logisk tenking, evna til å resonnera og analysera og evna til å førestilla oss moglege hendingar, med meir (Ellingsen, 2007). Å bestemma seg for noko inneber at ein faktisk har kjent etter kva ein vil eller har lyst til; ein må ta eit val og ein må ha lyst til å velja. Det å utføra ei sjølvbestemt handling inneber at ein kan ta desse vala, og at ein har eit føremål med det ein har lyst til å gjera. At ein faktisk utfører handlinga eller utfører det ein har bestemt seg for, gir personen erfaring i sjølvbestemming. Val av åtferd skjer etter ei vurdering av kva høve ein har til måloppnåing, kva avgrensingar som kan verta og kor sannsynleg måloppnåinga vil vere. Menneske med ulike eigenskapar og ulik tilgang på ressursar vil ikkje oppfatta den same situasjonen på same måte. Difor vel menneska ulikt, og har ulike føresetnader for måloppnåing (Schieffloe, 2003).

Motivasjon er drivkrafta bak ei viljebestemt handling. Med motivasjon meiner me årsaka til åferda vår. For at åferd skal finna stad må to føresetnader vera til stades: ein må klara og ein må ynskja. Erfaring er viktig for åferd, men åferd vert òg forklara med personlegdomsstruktur, kognitiv funksjon, emosjonar, intelligens, med meir (Eikeseth, 2003).

For at eit individ skal utføra ei handling, treng det motivasjon. Kva motivasjonsfaktorar som ligg til grunn, varierar. Det kan til dømes vera tidlegare positiv eller negativ erfaring.

I møte mellom menneske står kommunikasjon sentralt. Skau (2005) seier at møte mellom menneske *er* kommunikasjon. I samspelet med ein annan uttrykkjer me noko av oss sjølv, samstundes som me tek i mot eller avviser ein annan. Hjå menneske er det vanleg å skilja mellom to hovudformer for kommunikasjon; ordbasert kommunikasjon (verbal) og non-verbal kommunikasjon som er basert på teikn og signal. For å kommunisera godt må me vera merksame på handlingane våre, måten vår å vera på, og forholdet mellom desse og orda våre (Skau, 2005). God kommunikasjon er ekte og eintydig; det er samsvar mellom det munnen vår seier og det kroppsspråket vårt signaliserar.

Når me føretok eit val, dannar me oss eit sansemessig og kjenslemessig inntrykk av dei situasjonane me er i. Når ein vel å vera støttande overfor personar som har vanskar med ulike oppgåver, kan grunnlaget for dette like godt komma av medkjensle som av fornuft. Eit velutvikla kjensleliv kan på denne måten vera ei rik kjelde til situasjonsforståing.

Å vera trygg på seg sjølv og omgjevnadane, er ein eigenskap som er viktig for å kunna ta eit val og for å bestemme sjølv (Ellingsen, 2007).

I utgangspunktet skal alle menneske ha lik rett til å bestemme over seg sjølv, men menneske med psykisk utviklingshemming møter ofte store utfordringar i forhold til dette. Dette vil vera tema i neste kapittel.

4.0 Sjølvbestemming og menneske med psykisk utviklingshemming

Tradisjonelt har menneske med psykisk funksjonshemmning, demens eller psykiske lidingar ikkje hatt rett til sjølvbestemming med grunngjeving i manglande intelligens og/eller evne til å føresjå konsekvensane av dei vala dei gjer. Ein av dei faktorane som er karakteristisk for menneske med psykisk utviklingshemming, er nedsett kognitiv fungering. Dette inneber at funksjonar som tenking, problemløsing, læring, minne, persepsjon og språk er redusert i større eller mindre grad (Eknes, 2003). Velferdsstaten har definert menneske med psykisk

utviklingshemming som avhengig av hjelp. Høvet til å ivareta eigne rettar er ofte avhengig av andre nærpersongar og betalte hjelparar. Dette gjer at dei kulturelle førestillingane om det autonome individ ikkje samsvarar med det å ha diagnosen psykisk utviklingshemming. Det sentrale er å vere avhengig av hjelp, og handlar om dei reduserte kognitive og kommunikative evnene, noko som reduserar høvet til tenestemottakar til å bestemma over seg sjølv. Ein viktig føresetnad for å kunna utøve ei aktiv sjølvbestemming ligg ikkje berre i den kognitive funksjonsevna, men i at ein òg har evne til å kommunisera ynskja sine til omgivnaden (Christensen, 2006). I alle samfunn der det er menneske, eksisterar det eit felles talespråk, og i alle desse samfunna finn me individ som ikkje beherskar talespråket av ein eller anna grunn. Likevel betyr ikkje dette at desse menneska ikkje kommuniserar. Derimot kan det bety at det er vanskeleg for dei talande å forstå og gjera seg forstått overfor personar som ikkje har, eller har eit dårleg fungerande talespråk. Med andre ord er det like mykje dei talande som har eit kommunikasjonsproblem som dei ikkje talande. Felles for så å seia alle vaksne menneske med psykisk utviklingshemming er at dei, på ein eller anna måte, har vanskar når det gjeld kommunikasjon med andre. Vanskane kan variera frå lette artikulasjonsvanskar, mindre aktivt ordforråd, enkelt omgrepssapparat, nedsett taleflyt, større eller mindre vanskar med å forstå, til totalt fråver av verbalspråk eller andre språklege uttrykksmiddel (Lorentzen, 2003).

For at menneske med psykisk utviklingshemming skal få oppleva sjølvbestemming, føreset det at tenesteytarane har kunnskapar om livshistoria til tenestemottakaren. Nærleik og kjennskap til den einskilde tenestemottakar, aukar sjansen for at tenesteytarane kan tolke dei kommunikative signala han får i samhandlinga med tenestemottakaren (Christensen, 2006).

Ein må vita kva vedkommande likar, ynskjer og kva vedkommande har som interesser.

Kartlegging og analyse i arbeidet med menneske med psykisk utviklingshemming, som ikkje kan gje uttrykk for eigne ynskjer og behov, er svært viktig.

Korleis skal ein kunne bestemma over seg sjølv dersom ein aldri har lært det? Det å gjera eit val krev at ein kan vurdera fordeler og ulemper opp i mot kvarandre, for så å velja det alternativet ein meiner er best. Dette krev trening i form av erfaring (Ellingsen, 2007).

Menneske med psykisk utviklingshemming har ofte lite erfaring med å velja, og mange gonger er det tenesteytarar og andre nærpersongar som bestemmer og ordnar opp for tenestemottakarane.

Konformitetspress i personalgruppa kan vere ein årsak til manglande tilrettelegging for sjølvbestemming for menneske med psykisk utviklingshemming. Med konformitetspress i denne samanhengen, meiner ein at kulturen i personalgruppa er danna over tid. Ein søker ubevisst å oppnå likskap, og ein har funne ein måte å arbeida på som fungerar for

personalgruppa (Ellingsen, 2007). Konformitet kan vere positivt på den måten at det skapar ein trygg og føreseieleg arbeidsdag, og det skapar samhald i personalgruppa fordi det er normer og reglar for korleis arbeidet skal utførast. Men konformitetspress kan føra til at ein går bort frå rette avgjersler. Ein ser at ting vert gjort feil, at det vert teke avgjersler som er feil, men presset i gruppa er for stort, og ein bøyer av for overmakta.

Kva omsorgskultur som er i personalgruppa rundt menneske med psykisk utviklingshemming, er avgjerande for kor stor grad av sjølvbestemming tenestemottakar oppnår. Ein tenesteytar har gjennom lov og regelverk, og gjennom kompetanse, fått tildelt ein maktposisjon som tilsett, som profesjonsutøvar og/eller forvaltar av ressursar som tenestemottakaren er avhengig av. I møte mellom menneske vil den personen med mest makt og høgast status, vera den som på enklast måte definerar kva som er viktig. Vedkomande får på denne måten ei stor modellmakt ved å få andre til å sjå verda slik han eller ho ser ho. Den norske psykologen Stein Bråten skapte omgrepet modellmakt for å nyansere avmaktsomgrepet. Å ha modellmakt vil seja å ha påverknadskraft på andre i kraft av ein gjennomslagskraftig røyndomsmodell som utelet andre perspektiv og røyndomsmodellar. I den daglege samhandlinga mellom tenesteytar og tenestemottakar, vil tenesteytaren som regel vera den modellmektige (Selboe, 2005). Modellmakta gjer det vanskeleg å få innsikt i den opplevinga av røynda som tenestemottakaren har. Dette fører til at sjølvbestemming for tenestemottakar vert problematisk. Selboe (2005) poengterar at godt helse- og sosialfagleg arbeid inneber ein medviten reduksjon av den påverknaden tenesteytaren har gjennom modellmakta.

Når nokon har medfødd eller erverva hjerneskade, kognitive, læringsmessige og funksjonsmessige avgrensingar, er det relevant å vita mest mogeleg om kva skadane og avgrensingane medfører for den einskilde. Dette for å unngå å utsetja menneske for umoglege situasjonar og krav, og for å finna ut mest mogeleg om føresetnadane for å skapa ei god og utviklande samhandling (Lorentzen, 2006). Menneske med psykisk utviklingshemming vert ofte stilt overfor krav som det er mest uråd å leva opp til. Alle føretak me meir eller mindre kloke val i ulike samanhengar. Vanlegvis blir dumme val gløymde, og me får høve til å retta opp att dei feila me har gjort. Slik er det sjeldan for menneske med psykisk utviklingshemming. Her blir som oftast dårlege val post på saklista til neste husmøte, og ved liknande høve vert det referert til situasjonen, kanskje mange år i etterkant. Retten til å ta dårlege og ufornuftige val er urettferdig fordelt blant oss. Menneske med psykisk utviklingshemming har sjeldan denne retten. Her treng omsorgspersonell hjelp, tid og rom til å hanskast med spørsmål som rører ved ein annan person sin trøng for vern og omsorg på den eine sida, og rett til ikkje å bli fråteken retten til å bestemma i eige liv, på den andre (Selboe, 2005).

Konsekvensane av å ikkje bestemma sjølv fører til at ein kjenner seg styrt av andre. Ein vert på denne måten meir tilskodar enn deltakar i eige liv. Marte Wexelsen Goksøy seier det slik: ”*Jeg vil ha hjelp bare når jeg trenger det, og jeg vil bli spurt. At andre bestemmer uten at jeg blir tatt med på råd, er å frata meg ansvaret for mitt eget liv.*” (Ellingsen, 2007, s.39).

Rett til sjølvbestemming er nedfelt i lovverket. Det er òg lovbestemmingar som opnar opp for å gripa inn i, og overprøva andre sin rett til å bestemma over seg sjølv. Menneske med samansette og langvarige hjelpetenester har dessutan rett til ein individuell plan. Dette vil eg diskutera i neste avsnitt.

4.1 Kva seier lovverket om retten til å bestemma sjølv

Rettsordenen vår byggjer på visse grunnleggjande verdiar. Av desse kan nemnast: fri livsutfolding, sjølvbestemming og vern av personleg integritet, tru og religionsfridom, ytringsfridom, handlefridom, avtalefridom og fridom til å eiga og utøva rådvelde over eigen eigedom. For å gripa inn i desse rettane krev det i utgangspunktet heimel i lov. Desse grunnleggjande rettane har forankring i menneskerettane (Ohnstad, 2004). Dette er rettar som gjeld for alle, same kva funksjonsevne og sjukdomsforhold individet har. I fyrste artikkelen i FN sin menneskerettigheitserklæring står det: ”Alle mennesker er fødde frie og like i verdighet og rettar”. Den juridiske retten ein har til å bestemma over seg sjølv er viktig, særleg fordi den underbyggjer dei rettsgodar kvar einskild har, blant anna rett til å utvikla seg og realisera seg som menneske (Selboe, 2005).

Lover som omhandlar retten til sjølvbestemming er: Menneskerettighetskonvensjonen, Grunnlova, Straffelova, Verjemålslova, Forvaltningslova, Lov om sosiale tenester, Kommunehelsetenestelova, Lov om psykisk helse og Pasientrettighetslova. For menneske med psykisk utviklingshemming som mottek tenester frå det offentlege hjelpeapparatet, er det Lov om sosiale tenester og Kommunehelsetenestelova som vert mest nytta. Individuell plan og bruk av tvang og makt mot menneske med psykisk utviklingshemming er sentralt i tenesteytinga. Difor vil eg utdjupa Lov om sosiale tenester nærare.

Intensjonen i Sosialtenestelova er at den einskilde skal få høve til å leva og bu sjølvstendig, og ha eit aktiv og meiningsfullt tilvære i fellesskap med andre. Informasjonsplikta er sentral i blant anna sosialtenesta, slik at tenestemottakarane skal vera i stand til å ivareta interessene sine (Ohnstad, 2004). Det er likevel mange vaksne menneske som ikkje er fullt ut i stand til å ivareta interessene sine på ein forsvarleg måte. Dette gjeld kanskje spesielt på formuerettslege område, men òg på personlege område. Det kan vera ulike årsaker til dette, til dømes: psykisk

utviklingshemming, psykiske lidingar og aldersdemens (Ellingsen, 2007). For desse menneska vil høvet til å ivareta rettane sine vera avhengig av at nærpersonear og betalte hjelparar fremjar desse.

I Lov om sosiale tenester er det opna for tvangsbruk mot menneske med diagnosen psykisk utviklingshemming. Utgangspunktet er at menneske med psykisk utviklingshemming har same fridom og same integritetsvern som alle andre (Ohnstad, 2004). Ein skal ta utgangspunkt i tenestemottakars rett til sjølvbestemming ved vurdering av tiltak, før tiltaket kan setjast i verk. Føremålet med reglane i § 4A, Lov om sosiale tenester, er å hindra at menneske med psykisk utviklingshemming utset seg sjølv eller andre for vesentleg skade, og førebyggja og avgrensa bruk av tvang og makt. I lovbestemmingane vert det presisert at tenestetilbodet skal så langt som mogeleg leggjast til rette og gjennomførast i samarbeid med tenestemottakaren. Forholda skal leggjast til rette for minst mogeleg bruk av tvang og makt, og andre løysingar enn bruk av tvang og makt skal vere prøvd før tiltak vert sett i verk. Fylkesmannen skal overprøva alle tiltak etter vedtak etter Sosialtenestelova § 4A (Lov om sosiale tenester, kapittel 4A, 2004).

Personar med trong for langvarige og samansette tenester har rett til å få utarbeida ein individuell plan. Retten til å få utarbeida ein individuell plan er heimla i Sosialtenestelova og i Pasientrettighetslova. Gjennom ein individuell plan skal kvar einskild få konkretisert og koordinert si trong for hjelp og tenester. Føremålet med dette er at den individuelle planen skal sikra heilskapleg og individuelt tilpassa tenester, der hjelp skal ytast med respekt for sjølvstenda og integriteten til mottakaren (Veileder for Individuell plan). Føremålet med planen er å styrkja retten til tenestemottakaren for å påverka dei prosessane som vedgår han. Rettane til tenestemottakaren er slege fast i § 4 i forskrift om Individuell plan. For mange menneske med psykisk utviklingshemming er det hjelpeverje og/eller pårørande som deltek i utarbeidingsa av planen. Likevel er det ynskja og behova til tenestemottakar som skal koma fram i planen (Ellingsen, 2007). Ein individuell plan skal vera eit verktøy for å betra samhandling mellom tenestemottakar og hjelpeapparatet, og mellom ulike tenesteytarar på ulike sektorar og plan i forvaltninga. Tenestemottakar kan påklaga at han ikkje har fått utarbeida ein individuell plan, dersom han har bede om dette. Når planen er utarbeida, kan ikkje planen i seg sjølv påklagast. Planen inneheld som oftast ei rekkje enkeltvedtak, som til dømes: vedtak på helsehjelp, støttekontakt, bustad, og/eller trygdevedtak. Dette er enkeltvedtak, og kvart av desse vedtaka kan påklagast i følgje reglane om klage i Forvaltningslova (Ellingsen, 2007).

Dei vedtaka som vert tekne i samband med utarbeiding av den individuelle planen, er fyrst og fremst bindande for forvaltninga. Dersom medverknaden skal opplevast som reell, må den brukast i langt fleire samanhengar enn i formelle vedtaksprosessar. Det er i dei daglege samhandlingssituasjonane med tenesteytarar og andre, at medverknaden kjem til syne som ”verkeleg” (Selboe, 2005). Det at ein person får retten til å medverka, vil vera avgjerande for utforminga av gode tenester. Utgangspunktet må vera det kvar einskild opplever som si trong. Slik kan tenestemottakaren vera med på å påverka på ein måte som gjer at han er med å sikra livskvalitet for seg sjølv som hovudpersonen i planen. Rettane og plikta til einskildpersonen vert ikkje borte om ein vert mottakar av helse og sosialtenester. Det er slik, at nokre har visse rettar i tillegg til dei borgarrettane alle borgarar i Noreg har.

5.0 Konsekvensar og dilemma for praksis

I denne delen av oppgåva vil eg gå nærmare inn på kva konsekvensar det vil få for profesjonsrolla (praksis) å arbeida ut frå teori om sjølvbestemming for tenestemottakarane. Omsorga for menneske med psykisk utviklingshemming møter store utfordringar i samfunnet. Det å vera avhengig av andre vert forstått som ei type svekking som ein bør unngå. Alle samfunnsborgarar er likevel avhengige av andre, men for nokre grupper i samfunnet er dette meir framtredande. Dette gjeld kanskje spesielt for menneske med psykisk utviklingshemming.

I dette kapittelet vil eg forklara omgrep som paternalisme og svak paternalisme opp i mot målsetting om at alle menneske skal kunna bestemma over seg sjølv. Eg vil skildra ulike idealtypiske kulturar for tenesteyting, og ulike metodar for tenesteyting som har funne stad i samband med desse kulturane.

5.1 Idear, haldningar og verdisyn

Menneske har intuitiv innsikt i rett og gale. Denne medfødde evna er med på å skilje menneska frå dyr. Utan ei naturleg moralsk innsikt ville det vera umogeleg å einast om felles rettar som til dømes menneskerettsfråsegna. Moralen er absolutistisk; dei grunnleggjande verdiane står fast til alle tider og i alle kulturar. Det er gale å ta liv, å undertrykkja andre menneske og å gjera skilnad på menneske ut ifrå til dømes hudfarge, kjønn og politisk haldning. Utsegna: ”Alt du vil at andre skal gjera mot deg, skal du gjera mot dei”, verkar som

ei naiv utsegn. Det er likevel ein sentral etisk verdi uttrykt i denne gyldne regelen (Aadland, 2001).

Verdisynet til ein tenesteytar er avgjerande for korleis han oppfattar situasjonen til tenestemottakaren. Der ein person ser tenestemottakaren som hjelpetrengjande, kan ein annan oppfatta same situasjonen som om vedkommande er lat og uvilleg til å gjera det som vert forventa. Dette gjeld òg i høve til sjølvbestemming. For nokon er sjølvbestemming ein sjølvsagt sak, medan andre kan seia det slik: "Viss tenestemottakarane skal bestemme alt sjølv, kan dei berre klara seg sjølve. Då treng me ikkje vera hjå dei".

Sjølve grunnlaget for ein positiv interaksjon mellom tenesteytar og tenestemottakar er å vera i stand til å skapa ei felles mening og forståing. Slik kan ein yta meiningsfull hjelp på tenestemotakaren sine premissar. Forståing av mening er det viktigaste for å ivareta eigne og andre sine interesser i konkrete situasjoner. Dette er òg viktig for å påverka systema som velferdstiltaka bygger på. Slik kan ein direkte endra premissane for samhandling mellom borgar og hjelpesystem i velferdsstaten (Selboe, 2005). Kva syn tenesteytaren har på rolla si i samhandlinga mellom seg og den som mottek hjelp, er avgjerande for korleis dette utspelar seg. Paternalisme er knytt til ei bestemt tolking av mannsrolla, og vert gjerne assosiert med negativt lada fenomen som maktbruk, kontroll, formynderi og dominans. Ein paternalistisk haldning kan oppsummerast slik: "Eg veit betre enn deg kva som er best for deg, og det gjer meg rett til å bestemme for deg". Denne haldninga er basert på at ein person hindrar eit anna menneske, som er i stand til å ta eigne avgjersler, i å nytta retten til å bestemme for seg sjølv. Paternalisme er ofte godt skjulte former for profesjonelt hovmod og maktarroganse. (Skau, 2005).

Dersom ein gjer inngrep i retten til sjølvbestemming, fordi tenestemottakaren ikkje har tilstrekkeleg kognitiv eller kommunikativ kompetanse, vert dette kalla svak paternalisme (Christensen og Nilssen, 2006). Somme hevdar at prisnippet i det faglege skjønnet til yrkesutøvaren må vera overordna ynskja til tenestemottakaren for å sikra at denne sine interesser blir best mogeleg ivaretakne. Dette tilseier at ei svak form for paternalisme er både akseptabelt og naudsynt (Skau, 2005). Likevel, svak paternalisme kan berre legitimerast dersom tenesteytaren veit betre enn tenestemottakaren, kva som er det beste for han eller ho. Dette ut frå eit engasjement og ei kjenslevar haldning om å hjelpa den det gjeld best mogeleg. I følgje Christensen og Nilssen (2006) er det viktig å skilja mellom sterk og svak paternalisme. Slik kan ein skilja mellom rimelege og urimelege inngrep i ein person sin rett til sjølvbestemming. Den svake paternalismen er basert på ei legitim overtaking av makt av dei avgjerslene som menneske med utviklingshemming ikkje er i stand til å utføra sjølv. *"Med*

henblikk på å unngå både formynderi, det vil si sterkt paternalisme, på den ene siden og unnfallenhet på den andre, handler utfordringa for omsorgsbyteren om å anvende den svake paternalistiske makten i en produktiv retning" (Christensen og Nilssen, 2006, s.56).

5.2 Idealtypiske kulturar for tenesteyting

Christensen og Nilssen (2006) skildrar fire idealtypiske kulturar for tenesteyting i bufellesskap for menneske med psykisk utviklingshemming. Desse fire er: ein pleie- og husmorkultur, institusjonskultur, profesjonskultur og andre orientert kultur. Her nyttast kulturomgrepet som eit analytisk omgrep, slik at ein kan fanga inn korleis det sosiale livet i eit bufellesskap er skapt. Den verdiorienteringa som oppstår i bustaden og konteksten rundt, har ei særleg meinung for konstruksjonen av kulturane.

I pleie og husmorkulturen vert fokuset i samhandlinga retta mot verdiar som er knytt til husmorrolla. Det kan vere praktisk orden, reinsemd, kosthald og ikkje minst ei tolmodig forståing av den einskilde sine høver i livet. I denne kulturen har ofte tenestemottakaren svak kommunikasjonsdugleik. Det fører makta over til tenesteytaren, og arbeidet vert konsentrert vekk frå tenestemottakaren ved at det primære er å pleia kroppen til tenestemottakaren og halda bustaden i orden. Kommunikasjon og personlege behov vert underordna det å ha det ryddig og støvfritt i heimen. Rasjonalitetsforma i denne kulturen er dominert av ein praktisk rasjonalitet.

Institusjonskulturen vert omtala som ein kultur der det vert sett fokus på verdiar som regelorientering, standardisering, rutinar i omsorgsarbeidet og definering av arbeidsoppgåver. I likskap med pleie- og husmorkulturen, dreiar denne kulturen fokuset vekk frå bebuaren og over på andre saker. I denne kulturen er fokuset sett på rutinar og reglar. Personalelet dominar makta i relasjon til tenestemottakarane. Dette fordi personalelet har oppfatning av at dei veit best kva som skal til for å gje tenestemottakarane ein best mogeleg kvar dag. Denne kulturen vert rekna som eit etterslep frå tida før HVPU-reforma. Institusjonskulturen er kjenneteikna av at tenestemottakarane må innordna seg etter kollektive reglar og rutinar, som er tilpassa det som er rasjonelt og effektivt for personalelet, meir enn behovet til tenestemottakarane. I denne kulturen vert det gjeve ei fellesomsorg, og ikkje ei individuelt tilpassa omsorg. Me står overfor ein formell regelorientert rasjonalitet, noko som tyder på at motiva til tenesteytaren i hovudsak vert orientert mot dei reglar og rutinar som er etablert i kulturen.

Profesjonskulturen er generelt kjenneteikna ved at arbeidet fører mot faglege mål. Ein handlar på bakgrunn av systematiske refleksjonar med eit føremål om å nå visse mål. Her er det

relevant å snakka om behandling, fordi tenestene vert lagt under noko som analytisk kan kallast behandlingsmetodar. Tenestemottakar vert eit objekt for behandlingsmetodar som ein justerer for å nå det ønska målet. I denne kulturen er det ikkje nødvendig å kjenna livet og erfaringane til tenestemottakaren for å gå inn i omsorgsarbeidet. Her er det nok å meistre metoden for å nå målåtferda. Den rasjonalitetsforma som pregar denne kulturen kan forklarast som ein konsekvensorientert mål-middel- rasjonalitet. Dette vil seia at motiva til tenesteytaren er retta mot resultatet av handlingane. Dei metodane som vert nytta, er dei som vert rekna som mest truleg for å nå ønska resultat.

Den siste kulturen som vert skissert, kalla Christensen og Nilssen (2006) for *den andre-orienterte* kulturen. Den andre-kulturen viser at det kan liggja mange hindringar, men òg argument for å ikkje kunna eller ha vilje til å gje makt til tenestemottakaren. I den andre-kulturen finn ein det som vert kalla svak paternalisme. Her er det snakk om å nytta den makta tenesteytarane har til å gje makt til tenestemottakaren så langt som mogeleg. Dette er prinsippet i den-andre orienteringa. Andre-orienterte handlingar er handlingar styrt av formuft og kjensler i ei form av å forstå mennesket som dialogen i omsorgsmøtet vert ført med. Dei verdiane som den andre-orienterte kulturen inneheld er alturisme og individualisering. I denne kulturen prøver tenesteytarane å forstå den enkelte tenestemottakar så godt som mogeleg, og tenestemottakaren vert plassert i sentrum for kvar handling. Det handlar om å gje tenestemottakaren makt til sjølvbestemming og makt til meistring. Eit anna sentralt poeng er å gje tenestemottakaren glede. Inspirasjonen til denne kulturen blir henta frå relasjonen og kommunikasjonen med den andre, tenestemottakaren.

Dei ulike idealtypiske kulturane baserar seg på ulike makt-omsorg-kontekstar. Det er ikkje nok å kjenna til maktforholdet mellom tenestemottakar og tenesteytar i eit bufellesskap. Ein må òg kjenna til refleksjonane og verdiorienteringane til tenesteytarane. Dette fordi dei på grunnlag av eit visst handlingsrom kan røra seg i ulike retningar (Christensen, 2006).

Dei ulike kulturane representerar ulike rasjonalitetar. Pleie- og husmorkulturen representerar ein praktisk rasjonalitet, der fokuset er retta mot å løysa praktiske oppgåver.

Institusjonskulturen er retta mot regelstyring og rutinar. Her vert det ein regelorientert rasjonalitet. Profesjonskulturen har som mål å få fram resultat av planlagde behandlingar eller opplegg for tenestemottakaren. Den baserar seg på ein konsekvensorientert mål-middel rasjonalitet. Christensen og Nilssen (2006) skildrar den andre-orienterte kulturen som å ha basis i ein omsorgsrasjonalitet. Her er kulturen sentrert om å ha ein nærleik til den psykisk utviklingshemma.

Det syner seg at i grupper som er knytt tett saman, er det ofte slik at medlemmane utøvar eit press i forhold til kvarandre når det gjeld synspunkt og åtferd. Gruppetenking er eit fenomen som kan oppstå i avgjerdssituasjonar. Det vil seja at presset om å koma til semje gjer at innvendingar, kritiske synspunkt og alternative vurderingar ikkje kjem fram (Schieffloe, 2003). Personalgrupper fattar avgjerder som vedgår tenesteytarane, og er slik med på å fremja eller hemma tenestemottakar sin rett til å bestemma over seg sjølv. Gruppetenking opptrer når deltakarane skjermar seg frå andre sine synspunkt, og når dei i fellesskap er overbevist om sin eigen dugleik. Gruppetenking kan føra til uheldige utfall, noko som kunne vore unngått dersom ein hadde vore open for kritiske innvendingar og vurderingar av andre løysingar. Dette kan ein finna døme på i nokre av dei omsorgskulturane som er skissert ovanfor. I dei ulike idealtypiske kulturane arbeidar tenesteytarane ut frå ulike metodikkar. Dette vert diskutert i neste avsnitt.

5.3 Omsorgsmetodikkar frå perspektivet til tenesteytarane

Omsorgsmetodikkar som knyter seg til dei ulike idealtypiske kulturane er ulike. Sidan kulturane er idealtypiske, vil og omsorgsmetodikkane i praksis visa seg i meir blanda former enn det som no vert framstilt.

Christensen og Nilssen (2006) fortel at informantane i feltarbeidet deira har ulike måtar å beskriva korleis dei arbeidar med tenestemottakarane. Å seja at ein arbeidar *hjå* tenestemottakarane samsvarar med det verdisynet som ligg til grunn for pleie og omsorgskulturen. I denne metodikken er det faktorar rundt tenestemottakar som er viktig for tenesteytinga. Arbeidet vert karakterisert av å føra tilsyn, og det vert huslege syslar som får fokus. Her er ofte tenestemottakaren multihandikappa, og kommunikasjonen er vanskeleg. Difor inneber denne metodikken ein *avstandsmetodikk*. Tenesteytaren vert fjern for tenestemottakar sjølv om ynskjer og intensjonar kan vera heilt annleis.

Den andre omsorgsmetodikken vert skildra som å arbeida i *forhold* til tenestemottakaren. Den har ein likskap med å arbeida *på* tenestemottakaren, på den måten at i begge desse omsorgsmetodikkane er tenestemottakaren i ein underordna rolle i forhold til innhaldet i omsorga. Skilnaden er at når ein arbeidar *på* tenestemottakaren er ikkje personen eit objekt for ein behandlingskultur, og tenesteytar er ikkje eit objekt for ekspertkunnskap. I denne metodikken er det snakk om å arbeida i distanse til tenestemottakar. Kvardagen vert prega av rutinar og reglar. Tenestemottakaren opplever å vera trygg ved at kvardagen er føreseieleg og ikkje ved gode relasjonar til dømes med tenesteytarane. I denne omsorgsmetodikken kan vi

snakka om ein *distanseringsmetodikk* som vert skapt gjennom reglar og rutinar. Denne omsorgsmetodikken er kjernen i den idealtypiske *institusjonskulturen*.

I profesjonskulturen skildrar Christensen og Nilssen (2006) ein omsorgsmetodikk som handlar om å arbeida *på* tenestemottakaren. Dei profesjonelle, tenesteytarane, er ekspertisen, og ekspertisen vert utøvd *på* tenestemottakarane. Det er ekspertane som avgjer korleis framdrifta til tenestemottakarane skal målast, kva som er avvik og korleis avviket vert registrert. I ei idealtypisk form er den omsorgsmetodikken som kan kallast å arbeide på tenestemottakaren, ein ekspertmetodikk. Denne metodikken harmonerer med ideane om å kunna måla resultat. Subjektive erfaringar vert underordna, fordi den generaliserte erfaringa henta frå ekspertkunnskapen vert essensen i omsorga.

Å arbeide *med* tenestemottakaren er kvalitetar som ein finn særleg i *den andre-orienterte kulturen*. Denne metodikken krev at tenestemottakar er i sentrum for alle handlingar i bustaden. Sjølv om makta er skeivt fordelt mellom tenestemottakar og tenesteytar, vert denne makta nytta positivt og produktivt med utgangspunkt i preferansane til tenestemottakaren. Faren med denne metodikken er at ein lett kan fortolka tenestemottakaren sine handlingar på førehand, i staden for å finna fram til kva tenestemottakaren verkeleg ynskjer. Den andre-metodikken er ein *nærleiksmetodikk* som tek utgangspunkt i tenestemottakaren som eit unikt menneske.

Kjernen i respekt for den einskilde sin personlege integritet, handlar om at kvar einskild har, eller får kontroll med sitt private rom. Det som skjer innafor det private rom skal opplevast som meiningsfullt og ikkje avbrytast. Frå omsorgsgivarperspektivet handlar dette om å styrka tenestemottakaren sin fridom til å leva eit kvardagsbasert liv på eigne premissar (Christensen, 2006). Tenestemottakaren må bli aktør i sin private heim og tenesteytaren må ikkje overta denne rollen. Tenesteytar skal ikkje laga reglar og rutinar som tenesteytar ikkje skjønnar bakgrunnen for. Skal det etablerast rutinar og reglar, må dette skje i samarbeid med den det verkeleg gjeld. Dette må vera ut frå eit ynskje om å verna vedkommande frå overgrep, eller i å koma i situasjoner som han ikkje har høve til å ta ansvar for sjølv. Kjernen i den andre-orienterte kulturen er å lata tenestemottakaren skapa noko meiningsfullt for seg sjølv, og arbeida med respekt for integriteten til den andre.

For at menneske med psykisk utviklingshemming skal ha høve til å nytta retten sin til sjølvbestemming, må tenestetilbodet utformast med respekt og forståing. Dette vil eg skissere i neste kapittel.

6.0 Å yta tenester til menneske med psykisk utviklingshemming

Å vera i stand til å skapa ei felles meinings og ei felles forståing er sjølve grunnlaget for ein positiv interaksjon mellom tenesteytar og tenestemottakar. Slik kan ein skapa hjelp som skapar eit føremål på tenestemottakaren sine premissar. For tenesteytarar som vil sikra tenestemottakaren sin rett til sjølvbestemming, er det viktig å skapa ei felles forståing av den situasjonen dei er i, og kva høve og avgrensingar det er for handling. For at tenesteytaren skal kunna forstå den situasjonen den andre er i, må han involvera seg i kvardagen og livet til vedkommande (Selboe, 2005).

Signifikante andre har ofte ei stor og viktig rolle i livet til menneske med psykisk utviklingshemming. Dette er tema i neste avsnitt.

6.1 Menneske med psykisk utviklingshemming og signifikante andre

Utviklinga mot å bli frie, sjølvstendige personar kan skildrast som ein frigjeringsprosess. For menneske som opplever stor grad av regulering frå nærpersone sine kan dette bli ein vanskeleg prosess. Det primære nettverket spelar ei stor rolle i denne prosessen. Dersom signifikante andre har ein for dominerande og kontrollerande rolle, er det stor fare for at personar som finn det vanskeleg å frigjere seg, blir verande i eit til dels overbeskyttande og overregulert tilvære. Årsaka til dette er at overgangen til sjølvregulering og samspel med generaliserte andre vert forsinka, hindra eller motarbeida (Skau, 2005). For menneske med psykisk utviklingshemming er det lett for at dei signifikante andre spelar ei stor og viktig rolle gjennom heile livet. Den utviklingshemma får aldri lov til å bli sjølvstendig, sidan foreldre og andre nærpersone styrer livet til vedkommande. På denne måten vil utvikling av sjølvbestemming hemmast, og den utviklingshemma vil ikkje klare å ta sjølvstendige val.

Gode kår for sjølvbestemming føreset gode tenestetilbod der pårørande kan dempe ned rolla si som forsvarar av tenestemottakar sine rettar, og lita på at tenestemottakaren får hjelp til å ta sjølvstendige val. Sjølvbestemming gjeld dessutan små kvardagshendingar som ikkje får store konsekvensar for tenestemottakaren, små ting som me kan kalla for trivialitetar. Å bestemma kva ein vil ha på brødkiva, eller kva bukse ein vil ha på seg, er ikkje dei store alvorlege vala i livet. Likevel er det å kunna ta slike små avgjeringar for seg sjølv avgjeraande for om ein kjenner at ein har sjølvbestemmingsrett. Eit eksisterande menneske er deltakar i livet, ikkje tilskodar, og difor eit handlande menneske (Ellingsen, 2007). Eit godt fagleg miljøarbeid vil

vera å tilby støtte slik at den det gjeld ser nytta av å velje handlingar som fører til engasjement og deltaking i samfunnet, til dømes i viktige livsområde som arbeid, skule, heim og fritid. Korleis strukturelle føringar i samfunnet legg rammer for korleis menneske med psykisk utviklingshemming kan praktisera sjølvbestemming, er tema for neste avsnitt.

6.2 Menneske med psykisk utviklingshemming og strukturelle føringar

Samfunnet vårt er ordna med strukturelle føringar for kva åtferd som vert godteken eller oppfatta som avvikande. Gjennom dei sosialpolitiske retningslinjene skapar velferdsstaten dei ytre rammene for omsorga til menneske med psykisk utviklingshemming. Livsmiljøet til menneske med psykisk utviklingshemming vert påverka av desse rammene, og slik høvet til å praktisera sjølvbestemming. Det overordna målet er at samfunnet skal leggja forholda til rette, slik at menneske med psykisk utviklingshemming skal kunne nytta evnene sine fullt ut. Dei skal kunna leva eit liv så langt opp mot det normale som mogeleg, med same levekår som andre, og med størst mogeleg grad av sjølvbestemming (St.meld, Nr. 40, 2002-2003).

Menneske med psykisk utviklingshemming kan stundom ha ei åtferd og ein utsjånad som skil seg ut frå andre menneske. Som tenesteytar er det vår oppgåve å syte for at samfunnet har forståing for at ikkje alle er like. Alle har rett til å vera seg sjølv, med dei uttrykk som det kan innebera. Det må leggjast til rette for at menneske med psykisk utviklingshemming får høve til å læra korleis samfunnet regulerar åtferd, og slik får høve til å utvikla dugleikar som er naudsynte for å verta integrert i samfunnet. Menneske med psykisk utviklingshemming vert av mange, og i ein del situasjonar, oppfatta som å ikkje vita sitt eige beste. Dei vert hemma av at andre tek avgjerder basert på eigne subjektive vurderingar (Ellingsen, 2007).

For at menneske med psykisk utviklingshemming skal praktisera sjølvbestemming må dei ha høver til å kommunisera ynskja sine til omverda. Det vil eg diskutera i neste avsnitt.

6.3 Menneske med psykisk utviklingshemming og kommunikasjon

Ein av dei faktorane som er karakteristisk for menneske med psykisk utviklingshemming er nedsett kognitiv fungering. Funksjonar som tenking, problemløysing, lering, persepsjon og språk er redusert i større eller mindre grad (Eknes, 2003). Med grunngjeving i dette, har menneske med psykisk utviklingshemming hatt reduserte moglegheiter til å bestemma over seg sjølv. For å kunna utøva aktiv sjølvbestemming må ein ha høve til å kommunisera ynskja sine ut til omverda (Christensen, 2006). Me har alle våre sterke og svake sider med omsyn til kommunikativ kompetanse. Men som profesjonsutøvarar er kommunikasjon fyrst og fremst

eit middel i yrkesutøvinga vår. Me kommuniserar med andre for å skape ei endring av livssituasjon, helse, livskvalitet og/eller kunnskapsnivå (Skau, 2005). Både det å kunna uttrykkja seg slik at andre forstår kva ein prøver å formidla, og å lytta til kva andre kommuniserar, er grunnleggjande eigenskapar som yrkesutøvar i omsorgsyrka. Over tid vil nok både tenesteytar og tenestemottakar læra seg å sjå samanhengar som følgje av dei rollane dei inngår i. For at ein situasjon skal framstå som meiningsfull krev det at både tenesteytar og tenestemottakar klarar å setja handlinga eller samhandlinga inn i ein samanheng. Å finna måtar å kommunisera på og leggja vekt på kommunikasjon som eit middel til å finna felles grunnlag for meiningsfull krev det at både tenesteytar og tenestemottakar klarar å setja handlinga eller samhandlinga inn i ein samanheng. Å finna måtar å kommunisera på og leggja vekt på kommunikasjon som eit middel til å finna felles grunnlag for meiningsfull krev det at både tenesteytar og tenestemottakar klarar å setja handlinga eller samhandlinga inn i ein samanheng. Å finna måtar å kommunisera på og leggja vekt på kommunikasjon som eit middel til å finna felles grunnlag for meiningsfull krev det at både tenesteytar og tenestemottakar klarar å setja handlinga eller samhandlinga inn i ein samanheng.

Tenesteytarar har ei utfordring i å leggja til rette forholda slik at menneske med psykisk utviklingshemming skal læra å treffa val. Det er lite hjelp i å spørja ein person kva han likar å gjera på fritida, dersom vedkommande ikkje ser eller forstår alternativa. Menneske med psykisk utviklingshemming kan mangla evna til å administrera livet sitt på ulike område. Tenesteytarar må vera klar over at for mange menneske med psykisk utviklingshemming er det å gjera eit val, ein eigenskap dei ikkje meistrar, men noko som må lærast og utviklast (Ellingsen, 2007). At eit menneske ikkje meistrar å bestemma sjølv på nokre område i livet, betyr likevel ikkje at vedkommande ikkje kan bestemma over noko i det heile. Tenesteytaren må heile tida vera på leiting etter område der retten til sjølvbestemming kan respekterast og implementerast. Her har erfaringane til kvar enkelt tenestemottakar i kombinasjon med kognitiv og sosial beredskap mykje å seia, like eins haldningane og kompetansen til nærpersonane rundt tenestemottakaren (Selboe, 2005). Ein må arbeida mot å leggja kvardagen til rette slik at tenestemottakar i størst mogeleg grad blir i stand til å gje påverknad på sin eigen kvardag.

Kvaliteten i omsorgskulturane hjå menneske med psykisk utviklingshemming har mykje å seia for retten til å praktisere sjølvbestemming. Dette vil det neste avsnittet handle om.

6.4 Menneske med psykisk utviklingshemming og omsorgskulturar

Møtet mellom tenesteytar og tenestemottakar er avgjerande for korleis kvaliteten på relasjonen dei i mellom vil verta. Kvaliteten i relasjonen vil slik spegla kva omsorgskultur som er i dei ulike personalgruppene (Christensen, 2006). Dersom tenesteytar ikkje er tilstrekkeleg audmjuk overfor særskilde eigenheitar hjå tenestemottakar, står ein i fare for å overkøyra vedkommande. På den andre sida kan ein alt for audmjuk omsorgsinnstilling føra til at tenestemottakaren sine grunnleggjande behov ikkje vert dekka, fordi tenesteytaren let tenestemottakaren halde fram med ei negativ utvikling. Med ei slik omsorgsinnstilling fråskriv me oss ansvaret for å yta omsorg. Tenestemottakaren blir då heilt og fullt avhengig av å sjølv administrere den omsorga han mottek, utan å bli gitt alternativ og rettleiing. Å ukritisk etterkomma den andre sine ynskjer, kan føra til at ein gir etter for alt. Dette kan føra til ei kjensle av tomheit for tenestemottakaren og at ingen bryr seg om han. Samhandling i ein relasjon der det vert ytt bistand og hjelp kan bestå av nærliek, tillit og respekt, eller motsatt, av distanse, mistillit/kontroll og mangel på respekt (Selboe, 2005). Nærliek i denne samanhengen vil seia å vera til stades og å ha evne til empati med tenestemottakar. God omsorg inneber at me engasjerar oss i den andre med sensitivitet og engasjement som tek omsyn til den andre sin situasjon og funksjonshemming. Ein må ha evne til å lytta, å setja seg inn i korleis den andre har det, kva kjensler vedkommande har og kva han tenkjer.

For å sikra at arbeidet med menneske med psykisk utviklingshemming i kommunen er i tråd med overordna mål og prisnipp, må ein bygga opp ein struktur for tverretatleg og tverrfagleg samarbeid (Stangvik, 1994). Det tverrfaglege teamet identifiserar behova til tenestemottakaren og utformar tiltak i fellesskap. Dei ulike aktørane forsterkar kvarandre, og tenestemottakaren mottek eit tilbod basert på ein felles kunnskapsbase. I eit tverrfagleg samarbeid mellom kommunen og spesialisthelsetenesta vil team-medlemmane representera ulike yrkesgrupper. Dette mangfaldet vil gjera det tverrfaglege samarbeidet rikare, og gi ein positiv utvikling for tenestemottakaren.

For at menneske med psykisk utviklingshemming skal få praktisera den juridiske retten dei har sjølvbestemming og ikkje bli utsett for ulovleg bruk av tvang og makt, må det leggjast til rette for at dei skal kunne bestemma over seg sjølv. Dette vil eg diskutera i neste avsnitt.

6.5 Menneske med psykisk utviklingshemming og rettstryggleik

Tenestetilbodet til menneske med psykisk utviklingshemming skal tilretteleggast ut frå ynskja og behova til den einskilde. Det er viktig at tenestemottakaren sin juridiske rett til

sjølvbestemming vert ivaretaken. Det er vedkommande sine behov som skal stettast, og ikkje definisjonen til den som yter tenestene (Ellingsen, 2007). Dei tenesteytarane som er tilsett for å hjelpe menneske med psykisk utviklingshemming i det daglege, må forstå plikta og ansvaret dei har for å leggja til rette for at tenesteytaren skal kunna bestemma over eige liv. Grunnlaget for ei god teneste ligg i ei stabil og kompetent bemanning som skapar trygge rammer i kvardagen.

Kapittel 4A i Sosialtenestelova opnar for bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming. Den som utfører tenester til denne gruppa menneske må ha eit medvite og aktivt forhold til bruk av tvang og makt. Sjølv om ein vedgår at tvang og makt må nyttast i nokre tilfelle må ein, gjennom kunnskap og eigenskapar hjå tenesteytarane, fokusera på førebygging. Føremålet til lova er at tenestetilbodet skal leggjast til rette med respekt for den einskilde sin fysiske og psykiske integritet, og så langt som mogeleg i overeinstemming med sjølvbestemmingsretten til tenestemottakar (Lov om sosiale tenester, kapittel 4A). Det vert presisert i rundskrivet frå Sosial og helsedirektoratet at eit regelverk ikkje skapar tilstrekkeleg vern mot krenkande handsaming eller andre former for overgrep mot menneske med psykisk utviklingshemming. Det viktigaste vernet ligg i dei verdiane og dei haldningane som er i omsorgsmiljøa og samfunnet elles.

Ordninga med individuell plan er innført som eit verkemiddel for å kunna gi eit betre tilbod til tenestemottakarar med trong for langvarige og koordinerte helse og/eller sosialtenester (Veileder, individuell plan, 2005). Ordninga er med på å støtta ein god kvardag for tenestemottakaren. Individuell plan gir høve for at tenestemottakaren kan få påverknadskraft. For at ein individuell plan skal bli det hjelphemiddelet det er tenkt å vera, føreset dette ein god og tillitsfull relasjon mellom tenesteytar og tenestemottakar. I tillegg krev det ein stabil koordinator, at nærpersonear vert nytta som informantar og at koordinatoren er kjend med dei uttrykksformene som tenestemottakaren nyttar seg av (Veileder individuell plan, 2005). Den individuelle planen må evaluerast jamleg, og likeeins relevansen i dei ulike måla.

Kva verdiar ein tenesteytar innehavar, og korleis makta er fordelt mellom tenesteytar og tenestemottakar er viktige element for at menneske med psykisk utviklingshemming skal oppleva autonomi i kvardagen. Det er tema for neste avsnitt.

6.6 Verdiar og maktrelasjonar i tenesteytinga

Verdiane våre kjem til uttrykk i haldningane våre. Alle sosiale fellesskap har normer og verdiar som er styrande for handlingane til medlemmane. Desse vert internalisert som ein del

av sosialiseringssprosessen i fellesskapet. Haldningane til ein person viser seg i måten han eller ho oppfører seg i forhold til andre menneske. Alle har me ein særeigen og individuell måte å forholda oss til verda og livet på. Vår relasjon som tenesteytarar til menneske med utviklingshemming bør vera gjennomsyra av gode haldningar, ekte interesse og respekt for den einskilde som menneske. Idear er lite verdt viss dei ikkje fører til handling. Det må vera eit mål for tenesteytinga å komma fram til nokre få og gode idear som det vert satsa på og sett ut i praksis. Måla for tenesteytinga skal så langt som mogeleg utarbeidast saman med tenestemottakaren. Å kunna staka ut kursen som gjer det mogeleg å realisera eigne ynskjer og lyster blir ofte rekna som det fremste kjenneteikn på ein autonom, fri person. Dette vert rekna som sjølvbestemming og sjølvrealisering, og handlar om at dei vala ein tek skal vere rasjonelt forankra (Ellingsen, 2007). Som tenesteytarar skal me leggja til rette for at tenestemottakaren skal kunne velja for seg sjølv innafor eit fellesskap, der me opptrer som støttespelarar.

Haldningane våre vert utvikla og påverka i den omsorgskulturen me arbeidar i. Alle menneskelege relasjoner bør vera prega av å leva ut ifrå regelen: "Du skal gjera mot andre det du vil andre skal gjera mot deg". Dette føreset evne til empati.

I relasjonen mellom tenesteytar og tenestemottakar vil dei fleste vera einig i at makta er ulikt fordelt. Når ein eller fleire av partane i ei samhandling opptrer i rolla som yrkesutøvar, skil dette seg på fleire måtar frå private mellommenneskelege samhandlingar. Den profesjonelle yrkesutøvaren høyrer til eit offentleg maktapparat og disponerer eit sett av yrkesspesifikke kunnskapar og eigenskapar med høgare status og meir autoritet enn tenestemottakaren (Skau, 2005). Denne opplevinga av ulikskap er noko tenesteytaren kan svekka eller forsterka ved måten ein er som person. Som profesjonsutøvarar bør me arbeida mot ei likeverdsorientering. I den andre-orienterte kulturen vil tenesteytarane nytta makta si til å gje makt til tenestemottakarane så langt som mogeleg. I denne kulturen prøver tenesteytarane å forstå tenestemottakaren, og legg opp til ein kultur der sjølvbestemming og altruisme får sentral plass (Christensen, 2006). Ein ting som er godt for eit menneske, treng ikkje nødvendigvis vera godt for eit anna. Tenestemottakarane skal behandlast individuelt, med sine behov og sine ressursar i sentrum for tenesteytinga.

Som profesjonsutøvar bør ein ha i bakhovudet at menneske med psykisk utviklingshemming ikkje sjølv oppsøkjer oss for fagkunnskapen vår. Dei vert tilvist å leva livet sitt saman med oss som fagpersonar og tilsette, med vår individuelle måte å tenkja fagkunnskap på, og med våre eigne verdivurderingar (Lorentzen, 2006).

7.0 Avslutning

Det er ulike faktorar i samfunnet som gjev menneske oppleving av sjølvbestemming, og som avgrensar dette for menneska. Menneske må ha eigenskapar og kunnskap for å kunna praktisera den lovfesta retten som alle individ har til å bestemma over seg sjølv. I høve sjølvbestemming møter menneske med psykisk utviklingshemming spesielle vanskar. Grunngjevinga for dette har vore manglande intelligens og manglande evne til å sjå konsekvensar av dei vala dei gjer. Dette har vore tema i oppgåva mi.

Som tenesteytarar har me makt innebygd i profesjonsrolla vår, og me grunngjev maktbruken vår med at me gir omsorg. Korleis me vel å praktisera denne makta er avgjerande for korleis tenestemottakarane får praktisert retten sin til sjølvbestemming. Målet for omsorga vår bør føra til at tenestemottakaren i størst mogleg grad klarar seg sjølv.

Gjennom profesjonsrolla vår har me høve til å definera og omdefinera problema til tenestemottakaren. Me har makt til å finna løysing på problema, kva som er rett og feil og kva tiltak me skal velja for å finna ei løysing. Slik kan ein seia at me har monopol på sanninga. Ei god omsorg føreset reflekerte tenesteytarar som har som mål å arbeida for at tenestemottakaren skal få eit individuelt tilpassa tenestetilbod, der retten til å bestemma over seg sjølv har høg prioritet.

I ein lukka omsorgskultur kan det lett utvikla seg ein kultur som avgrensar tenestemottakaren sin rett og høve til sjølvbestemming. Det er me som fagpersonar som skal leggja til rette for at ein kvar skal kunne nytte denne retten. Tenesteytarane må reflektera over eigne haldningar og verdisyn, og ha eit medvite forhold til korleis ein praktiserar yrket sitt. I ein god omsorgskultur er ein open for konstruktiv kritikk og har som mål å skapa ei god og fagleg forsvarleg teneste.

Kravet om retten til å bestemma sjølv er frå menneske med psykisk utviklingshemming ofte formulert som eit ynskje om å bli teken på alvor. Meir enn noko anna ber menneske med psykisk utviklingshemming om å bli godkjent og respektert på lik linje med andre.

Som tenesteytarar rører me oss ofte i eit uoversiktleg terren, med både høver og avgrensingar. Utfordringane krev ein stor grad av refleksjon, engasjement og kreativitet.

Spørsmåla kan ofte vera tydlegare enn svara. For nokre situasjonar og utfordringar har me retningslinjer, metodar og lovverk som hjelper oss eit stykke på veg. Men me må òg forholda oss til utfordringar som fell utanfor det vanlege. Dette krev at me aktivt fokuserar på etikk og verdiar; kva me gjer og kva me bør gjere. Gode tenesteytarar har i tankane sine at det er retten til å avgrensa eit menneske sin rett til sjølvbestemming som krev grunngjeving, ikkje omvendt (Selboe, 2005).

Litteraturliste:

Aadland, Einar (2001): *Etikk for helse- og sosialarbeidrarar*

Oslo, Det norske samlaget

Bourdieu, Pierre (1984): *Distinction, A Social Critique of the Judgement of Taste*

London and New York, Routledge & Kegan Paul

Christensen Karen og Nilssen Even (2006): *Omsorg for de annerledes svake*

Et overvåket hverdagsliv

Oslo, Gyldendal Norsk Forlag AS

Dahl, Øyvind (2001): *Møter mellom mennesker Interkulturell kommunikasjon*

Oslo, Gyldendal Norsk Forlag AS

Dalland, Olav (2004). *Metode og oppgaveskriving for studenter.*

Oslo, Gyldendal Norsk Forlag AS

Eikeseth, Svein og Svartdal Frode (2003): *Anvendt atferdsanalyse*

Oslo, Gyldendal Akademisk Forlag

Eknes, Jarle (2003): *Utviklingshemming og psykisk helse*

Oslo, Universitetsforlaget AS

Ellingsen, Karl Elling (2007): *Selvbestemmelse. Egne og andres valg og verdier*

Oslo, Universitetsforlaget

Lorentzen Per (2003): *Fra tilskuer til deltaker*

Oslo, Universitetsforlaget

Lorentzen, Per (2006): *Slik man ser noen*

Oslo, Universitetsforlaget

Ohnstad, Bente (2001): *Juss for helse- og sosialarbeidere*

Bergen, Fagbokforlaget

Shiefloe, Per Morten (2003): *Mennesker og samfunn. INNFØRING I SOSIOLOGISK FORSTÅELSE*
Bergen, Fagbokforlaget.

Selboe, Aud m.fl. (2005): *Selvbestemmelse for tenestenytere*
Oslo, Gyldendal Norsk Forlag AS

Skau, Greta Marie (2005): *Gode fagfolk vokser*
Oslo, J. W. Cappelens Forlag a.s

Stangvik, Gunnar (1994): *Funksjonshemmede inn i lokalsamfunnet*
Oslo, Universitetsforlaget

Østerberg, Dag (1999): *DET MODERNE*
Oslo, Gyldendal Norsk Forlag ASA

Østerberg, Dag (1990): *Handling og samfunn. Sosiologisk teori i utvalg*
Oslo, Pax Forlag A.S

St. melding nr.40 (2002-2003): *Nedbygging av funksjonhemmende barrierer.
Strategier, mål og tiltak i politikken for personer med nedsatt funksjonsevne.*

Lov om sosial tenester kapittel 4A (2004): *Rettssikkerhet ved
bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming*

INDIVIDUELL PLAN (2005): *Veileder til forskrift om individuell plan*